



Statens Vegvesen Region Vest
Askedalen 4
6863 Leikanger
Firmapost-vest@vegvesen.no

Bergen den 18.12.16

Innspill til Sak 15/204805 Kommunedelplan E39 Flatøy

Viser til informasjonsmøter og kontordager vedr. ovennevnte sak.

Ostereidet Senter er utpekt som ett av tre lokalsenter i kommunen og det inneholder mange funksjoner slik som matbutikk, kro, legekontor, bensinstasjon mm. I tillegg har Ostereidet mange funksjoner slik som barne- og ungdomsskole, idrettsanlegg, kirke mm.

I samarbeid med Lindås kommune og flere grunneiere i området holder vi nå på med en reguleringsplan for lokalsenteret på Ostereidet. Dette er en fortetningsplan med mange boliger og nye næringsarealer.


Ostereidet fungerer også som et viktig kommunikasjonsknutepunkt både for nær- og fjerntrafikken, samt kollektivtrafikken.

Vi ønsker at Ostereidet skal vokse og utvikle seg både når det gjelder tilflytting og utvikling av senteret som en viktig samlingsplass for omgivelsene og gjennomgangstrafikken.

Vi ser det derfor som svært viktig at Ostereidet får et fullverdig kryss og ber om at dette blir vurdert og skissert i den videre planprosessen. Prinsippet for et slikt kryss, og en mulig plassering følger vedlagt.

Alternativet A3 som er skissert som et alternativ, vil komme i konflikt med viktige miljøinteresser samtidig som det ser ut som dette må løses med en enorm bro, som vil gjøre store inngrep i terrenget og for omgivelsene. I tillegg til at det må bli en svært kostbar løsning.

Da må det være langt bedre og bruke terrenget som skissert på vedlagte løsning.



Forslag til fullverdig kryss Ostereidet

Når en nå ser på traseene som er blitt valgt for ny E39 består de av mange og lange tunneler. Med bakgrunn i dette kan Ostereidet ha en trafikksikkerhetsmessig viktig funksjon med at bilistene kan stoppe og ta seg en pause fra kjøringen. Det kan være å besøke Ostereidet kro, dobbesøk, fylle bensin eller bare ta seg en kaffepause og se på fin utsikt over Osterfjorden.

Det må da være viktig at bilistene også har et tilbud langs E39 som ligger til rette for effektiv av og påkjøring og at en kan opprettholde nødvendig hviletid.

Det er også svært viktig med ett fullverdig kryss for næringsaktører som er etablert i senteret, og for at flere skal etablerer seg. Gjennomgangstrafikken er veldig viktig for å opprettholde en nødvendig lønnsomhet for aktørene i senteret. Det finnes mange eksempler i landet der

gjennomgangstrafikken har blitt lagt om, og dermed har grunnlaget for lønnsom drift fort falt bort. Og med konsekvenser det medfører både for næringslivet og for veksten i nærområdene.

Håper derfor at Statens Vegvesen ser viktigheten og fordelene av ett fullverdig kryss på Ostereidet og velger en slik løsning.


Med vennlig hilsen

ATR Eiendom AS

Tommy Gulbrandsøy
Daglig Leder

Roger Gjervik
Prosjektleder

Vedlegg: Skisse A10-1 Fullverdig kryss Ostereidet




Tegningsnr.
A10-1

Revisjon nr.

Type tegning
E39

Rev	Nr	Beskrivelse	Dato	Sign	Kontr

Lokalisering:



Prosjekteringsgruppen

- ARK :** Arkitektkontoret
Arkitektveien 19
0000 Arkitektbyen
Tlf.: 000 000 00
arkitekt@arkitektfirma.no
- RIB :** Rådg. ing. Bygg
RIBveien18
0000 RIBbyen
Tlf. 000 00 000
rib@ribfirma.no
- RIE :** Rådg. ing. Elektro
RIEveien18
0000 RIEbyen
Tlf. 000 00 000
rie@riefirma.no
- RIV :** Rådg. ing. VVS
RIVveien18
0000 RIVbyen
Tlf. 000 00 000
riv@rivfirma.no

Fase

Skisse

TIPPETUE
ARKITEKTER AS

Tiltakshaver

ATR Eiendom AS

Prosjekt

Nordhordland næringspark

Dato
07.12.16

Målestokk
1:10000

Kontroll utførende

Sign.	Kontroll
-------	----------

Gnr./Bnr./Festenr.:

Prosjektnr.: **657** Tegningsnr.: **A10-1** Prosjektnr. for prosjekterende/lev.

Type tegning:
E39



KOPI

Statens vegvesen
v/Jannicke Neteland Olsen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1180 - 17/926

Saksbehandlar:
Frøydis Ones
Froydis.Ones@lindas.kommune.no

Dato:
11.01.2017

Merknad til planprogrammet for E39, Flatøy - Eikefettunnelen

Vi har hatt ein administrativ gjennomgang av framlegg til planprogram for ovannemnde plan, og sender ein felles uttale frå dei som har kome med merknader. Eining for eigedom har sendt vegvesenet ein eigen merknad tidlegare.

Frå fagområdet næring:

- Ny E39 bør utløyse større/meir næringsareal
- Ny E39 bør styrkje eksisterande næringsområder i kommunen, feks ved å leggja til rette for tilkomst i form av adekvate kryss og av-/påkøyringar
- Næringslivsinteresser bør bli høyrd
- FV57 og "Mongstadtrafikken" bør belyst i arbeidet med dei ulike alternativa

Frå kultureininga:

- I planprogrammet på s. 20 under «Kulturmiljø» står det: «kan mykje av kulturminnetilfanget synes å vere av beskjeden karakter.» Denne setningen bør strykast/omformulerast. Eg kan ikkje sjå at det er dekning for å seie noko slikt.
- Våren – 17 vil kommunen ha gjort ferdig ein ny rapport: «Kartlegging og verdsetting av friluftsområder i Lindås kommune» Denne blir laga i samarbeid med BOF, og bør spesielt nemnast som «grunnlagsmateriale» på side 37.

Dersom det er behov for nærare avklaringar, vil vi kunne organisere eigne møte med vegvesenet seinare i prosessen.

Med helsing

Frøydis Ones
konst. avdelingsleiar



Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Statens vegvesen

Mottakrar:

Statens Vegvesen, Region vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER

KOPPI



Statens Vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar: Sak 15/204805
Kommunedelplan E39 Flatøy
Vår: 16/1572 - 16/34672

Saksbehandlar:
Inger Marie Jordal
Inger.Marie.Jordal@lindas.kommune.no

Dato:
09.01.2017

Deluttale til planprogram for kommunedelplan - E 39 Flatøy-Eikefettunnelen

Viser til utkast til planprogram for E39 – Flatøy-Eikefettunnelen.

Eining for eigedom jobbar med å finne mogleg tomt til ny felles skule for Eikanger og Kløvheim skulekrinser. Eigedom har hatt 21 tomter oppe til vurdering, og sett nærare på sju av desse. Vidare har administrasjonen tilrådd formannskapet (24.11.16) å gå vidare med fem av desse i eit moglegheitsstudie. Formannskapet hadde ønskje om at administrasjonen i tillegg til tilrådinga såg på ei anna lokasjon i Eikanger i tilknytning til ei av dei tilrådde tomtene. Vidare ba dei om at eksisterande skuletomt i Eikanger vart vurdert nærare i tillegg til moglegheiter for ei tomteplassering mellom Øvre Eikanger og Høyland. Saka gjekk ikkje vidare til kommunestyret, men skal tilbake til formannskapet i februar 2017. Sjå vedlagt vedtak frå formannskapet, vedlegg 1, datert 24.11.16.

Av dei sju områda som då skal sjåast nærare på, er fem av desse plassert kring korridor for E 39 gjennom Eikanger, sjå vedlagt kart (vedlegg 2) med lokasjon 3, 4, 5, 15 og 17. Nokre av desse områda skal sjåast i samanheng.

Skuleplassering og planlegging av ny E39 er vanskeleg å koordinere dersom framdrifta for skulebygging skal oppretthaldast. Ny felles skule er lagt inn i økonomiplanen med byggjestart i 2019, og før den tid skal skuletomten fastsetjast, kjøpast opp og regulerast. Skuletomt må fastsetjast i løpet av 2017, helst i løpet av våren 2017 for at prosjektet skal følgje planlagd framdrift. Endeleg trasé for E39 er skissert vedteke hausten 2018.

I utkast til planprogram er skuleprosjektet nemnt under kapittel 3.3 *Plansituasjon i Lindås*, men vi ber om at skuleprosjektet tas inn som eit viktig punkt i det vidare arbeidet med planprogrammet.

Eining for eigedom ønskjer og ei tilbakemelding på korleis vi skal forholde oss til denne risikoen i skuleprosjektet. I kva for område kan vi plassere ny skule utan at prosjekta kjem i konflikt med



kvarandre? Vil det bli sett ned byggjeforbod i korridor for ny trasé før denne er endeleg fastsett, og kor brei vert eventuelt denne? Når trasé er valt, kor stort område vil gå med til sikkerheitssoner og støysoner der vegen vert plassert i dagen?

Dersom de har spørsmål i saka kontakt prosjektleder Inger Marie Jordal.

Med helsing

Therese Urdahl Braseth
einingsleiar

Inger Marie Jordal
prosjektleder

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg 1 - FO vedtak 24.11.16 - Tomt fellesskule Eikanger - Kløvheim

Vedlegg 2 - Forslag til lokalitetar for ny skuletomt

Kopi til:

Inger Marie Jordal
Kristin Moe
Therese Urdahl Braseth

Mottakarar:

Statens Vegvesen Region vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
044/16	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	21.11.2016
076/16	Levekårsutvalet	PS	22.11.2016
136/16	Formannskapet	PS	24.11.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Inger Marie Jordal	16/1572

Ny skule Eikanger/Kløvheim - moglege tomter

Vedlegg :

innspel - tomteforslag FAU Eikanger 30.10Innspel - Tomteforslag FAU Kløvheim 30 09 16Innspel frå Atle Vaage - referansegruppe - aug 2016Innspel frå FAU Eikanger 30 09 16Innspel frå Grethe-Elin Mjelde - referansegruppe - aug 2016Rapport_Lokalisering av skuletomter_Rambøll - nov 16

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Rådmannen rår til å gå vidare med følgjande tomter:

- lokasjon 7 – Kløvheim
- lokasjon 5/3 Revhaugane/Kolhøyen
- lokasjon 4 – Liavatnet
- lokasjon 1 – Fyllingsnes

Levekårsutvalet - 076/16

LE - behandling:

Orientering til saka v/einigsleiar Eigedom Therese Urdahl Braseth

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Uttale i Levekårsutvalet - 22.11.2016:

Rådmannen rår til å gå vidare med følgjande tomter:

- lokasjon 7 – Kløvheim
- lokasjon 5/3 Revhaugane/Kolhøyen
- lokasjon 4 – Liavatnet
- lokasjon 1 – Fyllingsnes

Formannskapet - 136/16

FO - behandling:

Eigedomssjef Therese U.Braseth orienterte i saka

Fellesframlegg:

Tillegg til rådmannen sitt framlegg

- Lokasjon 17 i samanheng med lokasjon 5
- Lokasjon 15 ii samanheng med eksisterande skuleareal Eikanger

I tillegg bed ein om at rådmannen ser etter aktuell tomt mellom Høyland og Eikanger Øvre.

Formannskapet bed om at sak 136/16 kjem tilbake til formannskapet i februar 2017 og innanfor same kriterier.

Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

Tillegg til rådmannen sitt framlegg

- Lokasjon 17 i samanheng med lokasjon 5
- Lokasjon 15 ii samanheng med eksisterande skuleareal Eikanger

I tillegg bed ein om at rådmannen ser etter aktuell tomt mellom Høyland og Eikanger Øvre.

Formannskapet bed om at sak 136/16 kjem tilbake til formannskapet i februar 2017 og innanfor same kriterier.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Levekårsutvalet

Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Rådmannen fekk i oppdrag å utarbeide ein ny kommunedelplan for skule gjeldande for 2014-2018. Planen skulle greie ut alternative løysingar av framtidig skulestruktur og hadde følgjande målsetjing:

- Ein berekraftig kommuneøkonomi (mellom anna reduserte driftskostnadar)
- Eit likeverdig skuletilbod til alle elevane i kommunen
- Ein stabil skulestruktur over tid

Konklusjonen i planen var mellom anna følgjande:

«Rådmannen rår til at ein går vidare i høve til å byggje ny skule for Eikanger og Kløvheim. Med dette vil ein kunne få ein rein fulldelt barneskule i denne delen av kommunen. Kommunen bør sikre seg tilstrekkeleg storleik på ny skuletomt, slik at ein har høve til utviding på eit seinare tidspunkt.»

Rådmannens tilråding vart endeleg vedtatt i kommunestyret den 18.06.15.

I samband med planprosess knytt til Kommunedelplan for skule 2014-2018, vart det 21.05.2015 fatta vedtak om at Lindås kommune skal starte opp prosjekt med mål om å byggje ny skule for Kløvheim og Eikanger skulekrinsar.

Prosjektet «Ny skule Eikanger/Kløvheim» er lagt inn i økonomiplan 2016 – 2019 i samsvar med skulebruksplanen, med oppstart i 2019. I budsjettet er det lagt til grunn ein ny skule for inntil 200 elevar.

Proseszen

Vi har hatt ekstern plankompetanse (Rambøll) inne for å vurdere moglege tomtar. Faktorar ein har lagt til grunn: kvar folk bur, folketalsprognosar, gang- og sykkelveg, tilgjenge, avstand til hovudveg, topografi og soltilhøve.

Arbeidet med å fastsetje tomt delast i to fasar: eit forstudie med grov siling av alternativ, og eit moglegeheitsstudie med vurdering av nokre få tomtealternativ.

Forstudiet er no avslutta. Rapporten frå Rambøll illustrerer 21 forslag til alternativ plassering av ny skule. Rambøll har gjort ei vurdering av kva for desse tomtene som er mest eigna, og desse 7 er meir grundig presentert i rapporten. Dei sju alternativa er, i tilfeldig rekkefølge:

Lokalitet nr.	Namnå
1	Fyllingsnes
2	Solåsen
3	Kolhøyen
4	Liavatnet
5	Revhaugane
6	Høyland
7	Kløvheim

Rambøll har med bakgrunn i faktorane over, og med særleg vekt på kort skuleveg for flest mogleg elevar (kan gå til skulen) tilrådd å jobbe vidare med tre alternativ i moglegheitsstudiet. Desse er utheva.

Brukarmedverknad

Vi har hatt felles møte med brukar- og referansegruppene 25.08.16 og 08.11.16. Dei har og fått tilsendt førebels rapport frå Rambøll.

Vi har fått inn fem innspel:

- Fagleiar på drift/idrett i Lindås kommune, 26.08.16
- Miljøretta helsevern, 29.08.16
- FAU Kløvheim, 30.09.16
- FAU Eikanger, 30.09.16 og 30.10.16

I forkant av møtet den 08. november vart det arrangert synfaring på Kløvheim den 07.11.16 og på Eikanger den 08.11.16.

Innspel

Samandrag av innspela er presentert under. Innspela i si heilskap er vedlagt saka.

Innspel FAU Kløvheim:

FAU Kløvheim meiner at ny skule bør plasseras på eksisterande skuletomt på Kløvheim, med påbygg til eksisterande skule. Tomta er regulert til formålet, noko som dei meiner vil vere kostnads- og tidseffektivt. Det er gjort investeringar i skulebygget den seinare tid, området har gode leikeareal, aktivitetspark, tur og rekreasjonsområde i umiddelbar nærleik. Det er tilgang til sjø og vatn, og gode sol og lystilhøve. Samla sett presenterer dei ei rekkje positive kvalitetar ved eksisterande skule og nærmiljø samt skuleveg. Det er to ferdig regulerte byggefelt tett på Kløvheim skule.

FAU Kløvheim argumenterer for at dei foreldra på Eikanger som jobbar på Mongstad køyrer forbi Kløvheim skule på veg til jobb. I tillegg er det barnehage på Kløvheim, som og er i bruk av busette på Eikanger. Det er ein fordel å levere/hente ungar i barnehage og på SFO same stad.

FAU Kløvheim uttrykkjer at med skule på Kløvheim kan elevar frå Fyllingsnes og Eidsnes få Leiknes og Ostereidet som sine nærskular. Dei resterande elevane er det plass til på Kløvheim skule utan utbygging. Dei ønskjer ikkje ny felles skule på Eikanger. Det er Kløvheim, alternativt Høyland dei ser som alternativ. Vert skulen lagt på Eikanger vil dei fleste elevane frå Kløvheim ha Myking som nærskule.


I høve skuleskyss peikar FAU på at pendlartida vil bli lengre for elevane frå Kløvheim til Eikanger enn det vil bli frå Eikanger til Kløvheim. Dette fordi ein skulebuss til Eikanger må gå innom Fammestad/Tveito begge veger, og det utgjer til saman minst 2,5 time ekstra busstur i veka. Andre vegen vil elevane på Fammestad/Tveito ha gangavstand, og ruta vert korta ned

minst 15 minutt kvar veg kvar dag.

FAU Kløvheim viser til at dei elevane frå Fyllingsnes og Eidsnes som i dag har dårleg skuleveg, vil få rett på fri skuleskysst med felles skule på Kløvheim.

FAU Kløvheim presenterer og eit framlegg til tomt ved Høyland. Dette vert sett på som ei fredsløysing – eit godt utgangspunkt for eit felles prosjekt. FAU Kløvheim er splitta i om dette er ei god plassering av ny skule. Det vil krevje lange parti med gang- og sykkelveg, og elevane i eksisterande skulekrinsar vil få andre skular som nærskule.

Innspel FAU Eikanger:



FAU Eikanger ønskjer ein skule på Eikanger. Dei peikar på at Eikanger er ei bygd og ein skule i jamn og god vekst, kor det er attraktivt å busetje seg. Dei finn det naturleg med skule der hovudtyngda av elevane bur, og kor flest mogleg kan gå/sykle til skulen og til fritidstilbod. Dei peikar i tillegg på at Eikanger er ein naturleg gjennomfartsstad – plasseringa følgjer eit naturleg køyremønster for mange.

FAU Eikanger peikar på at nærskuleprinsippet må gje føringar i høve til val av tomt. Ved felles skule på Kløvheim vil 80-90 % av elevane på Eikanger skule vil ha Leiknes og Ostereidet som nærskule.

Ved skule på Høyland vil elevane frå Fyllingsnes få Leiknes som nærskule. Ved dette alternativet vil dei fleste elevane få ein 3-5 km lang skuleveg, som i tillegg er vanskeleg og farleg.

FAU Eikanger kom med sju framlegg til tomter. Desse er vist i kartet som tomtforslag A til

G.

Innspel frå Miljøretta Helsevern i Lindås kommune

Området må by på moglegheiter for fysisk aktivitet, sosialt samvær, rekreasjon og kvile. Det må og vere trafikksikkert, med trygg tilkomst til skulen.

Innspel frå drift/idrett i Lindås kommune


Skulen vil bli «kultursenter». Det er difor viktig med ei sentral plassering til bruk på kveldstid og helgar. Flest mogleg bør kunne gå/sykle til skulen. Det bør vere god tilgang på skog og turområde, nok areal til framtidig uteanlegg på skulen, og ein bør unngå bratte tomter – arealet bør vere lett å drifte. Skulen og uteområdet bør ligge på ein godt synleg plass i bygda, gjerne med busetnad på fleire kantar. Dette for å førebyggje hærverk og mobbing.

Del 1, forstudie

Rambøll har arbeidd ut frå følgjande kriterier:

- Storleik: Minimum 20 daa, og tilleggsareal for ein mogleg framtidig utviding
- Soltilhøve: Gode soltilhøve kl.12 21.desember.
- Topografi: Minimum 50% av tomta sitt areal under 15 grader helling
- Avstand til hovudveg/kollektiv: Inntil 500m frå fv./E39
- Ny E39: Forslag til korridor
- Byggjegrænse fylkesveg/E39: 50m frå senterline
- Skuleskyss: Grænse for skuleskyss 4 km
- Gangavstand: 30 min gåtid/1,5 km

Alle dei 21 forslaga (inkludert brukarforslag) til lokalitetar er dokumentert og synleggjort i eigne avsnitt i rapporten, jf. 5 Lokalitetar. Dei forslaga som er like er slått saman, og forslaga som er vurdert som ikkje eigna er sila ut. Det sto att sju forslag, som er omtala i kap. 6 Vurdering av lokalitetar. Sjå kart under for plassering.



Dei ulike alternativa er vekta etter følgjande kriterium:

Kriterium	Vekting 1-4 (4 er høgast)
Storleik, soltilhøve og topografi	4
Gangavstand og avstand til hovudveg	3
Skuleskyss	2
Byggjegranser og ny E39	1

Tabell 1: Kriterium i vekting av lokasjonar

På bakgrunn av lokaliseringskriterium tilrår Rambøll tre alternativ som skal greiast ut nærare i neste fase. Etter dei fysiske tilhøva, som alle lokalitetane har, er det gangavstand som er vekta høgast. Gangavstand er og det kriteriet som skil lokalitetane mest frå kvarandre. Dei tre alternativa som er anbefalt frå Rambøll er også dei tre lokalitetane som har flest born mellom 0-12 år innanfor gangavstand; lokalitet 1 – Fyllingsnes, lokalitet 4 – Liavatnet og lokalitet 5 – Revhaugane.

Prinsipp om nærskule

Det er 6,8 km mellom Eikanger skule og Kløvheim skule i dag. Samstundes er det 7,5 km frå Kløvheim skule til Myking skule. Frå Eikanger skule til Leiknes skule er det 13,3 km i dag, og frå Eikanger til Ostereidet barneskule er det 14,8 km.

Viss ein flyttar skulen for Kløvheim skulekrins meir enn 350 meter mot Eikanger, vil ytterkanten av krinsen gå mot Myking skule i henhold til nærskuleprinsippet. I Eikangerkrinsen vil nærskuleprinsippet i høve til Leiknes slå inn når ein flytter skulen 2,9 km lengre mot Kløvheim skule enn dagens plassering på Eikanger.

Vedlagt tabell viser korleis dei ulike skuleplasseringane vil påverke andre skulekrinsar. Ny skule kan få konsekvensar for både Leiknes, Ostereidet og Myking skulekrins. Alternativ 3, 4 og 6 er dei som famnar flest elevar i eigen krins.

Skulealternativ	SKULEKRINSER				Potensielt elevtal på ny felles skule
	I Eikanger/Kløvvh.	Frå Leknes	Frå Ostereidet	Til Myking	
1 Fyllingsnes	79	34	24	35	137
2 Solåsen	79	34	24	25	137
*Fammestad	10			10	
3 Kolhøyen	94	13	33	23	140
4 Liavatnet	99	13	24	23	136
5 Revhaugane	94	13	33	23	140
6 Høyland	90	21	0	8	111
Til Leknes	19				
7 Kløvheim	66	13	0	2	79
Til Leknes	38				
Til Ostereidet	11				

* Skilje mellom alt. 2 og Myking går i krysset på Fammestad

Basert på born frå 6-12 år pr. i dag

Vurdering

Nærskule

Nærskuleprinsippet er hovudfokuset på innspela som er komme inn frå FAU Eikanger og FAU Kløvheim. Store delar av elevmassen frå Kløvheim fell ut med ein ny skule på Eikanger og visa versa, og dette har vore førande på dei tomteforslaga som er komme inn frå begge krinsar.

Tabellen over konsekvensar for andre skulekrinsar viser at mange elevar i dag veljar skulen ein tilhøyrar i krinsen i staden for nærskulen. (Lokasjon 4 ligg nær eksisterande skule på Eikanger, og her ser ein at 13 elevar frå Leiknes og 24 elevar frå Ostereidet skulekrins kunne valt Eikanger skule i dag. Det er ikkje tilfelle.)

Kapasitet ved andre skular

Leiknes skule får auka kapasitet til 300 elevar etter utbygginga (planlagt ferdig hausten 2018), og har slik plass til ca. 60 elevar frå Eikanger dei første åra. 38 elevar ville pr. i dag fått Leiknes som nærskule.

Ostereidet barneskule har stigande elevtal, men har plass til 10-15 elevar frå Eikanger dei første åra (fram til ca. 2025). Pr. i dag er det 11 elevar som med ny skule på Kløvheim vil ha Ostereidet som nærskule. Vidare er kapasiteten på Ostereidet usikker, prognosane viser at skulen fyller kapasiteten i eigen krins. Ein konsekvens er at elevar då ikkje kan velje nærskulen sin grunna kapasitet, eller at ein må bygge på Ostereidet skule etter kvart.

Myking skule har i dag 62 elevar, og ein kapasiteten på 80-100 elevar. Prognosane viser aukande elevtal, det er venta å ligge i overkant av 75 elevar frå 2021 til 2030. Desse tala tar ikkje høgde for eventuelle elevar frå Kløvheim skulekrins.

Vedtak den 18.06.2015 i skulebruksplanen peikar på at Myking skule bør vurderast i forkant av iverksetjing av omfattande vedlikehald ved skulen.

Skuleskyss

Grensa for fri skuleskyss er 4 km. Det har vore eit viktig moment å sjå på tal elevar som kjem innanfor denne grensa for dei ulike tomtealternativa. Uavhengig av kor elevane treng skyss vert den kommunale kostnaden den same.

Anbefalte lokasjonar i høve til innspel

Nokre av tomteforslaga frå FAU Eikanger var samanfallande med forslaga i rapporten, andre ikkje. Etter synfaring den 08.11.16 vart det gjort mindre justeringar på tomteplassingane, slik at det no er semje mellom anbefalte lokasjonar i rapporten og FAU Eikanger sine tomteforslag i Eikangerområdet.

Vurdering av ny skule plassert på Kløvheim, alternativ 7

Fordelen med denne skuletomta er at den stettar alle fysiske krav i høve til ein god

skuletomt. Det er og ein fordel at ein i vidare prosess har med eit alternativ frå begge skulekrinsar. Det er den einaste tomta kommunen eig i dag og vidare utviding/påbygg kan vere eit rimelegare alternativ. Dei økonomiske konsekvensa for dei ulike alternativa ein vel å gå vidare med vil bli grundigere utgreid i neste fase.

Ulempene er at avstanden for dei fleste elevane i krinsen er ei utfordring. Det er det alternativet som famnar færrast elevar i eigne skulekrinsar.

Blir denne løysinga valt, vil det bety at ein ikkje har elevgrunnlag for ny skule til 200 elevar. Skulen har kapasitet til 50-60 elevar, og ein ny felles skule på Kløvheim vil vere nærskule for 66 elevar innanfor krinsen. Ein må då vurdere eit påbygg. Dagens skule på Kløvheim framstår i dag i god stand.

Det er 36 elevar som er innanfor 4 km grensa, og 17 born i gangavstand (1,5 km) frå skulen.

Vurdering av ny skule plassert på Høyland, alternativ 6

Ei ny felles skule på Høyland er ei alternativ løysing. Fordelen er at det er den einaste lokasjonen som gjer ein ny felles nærskule for begge skulekrinsane, sjølv om begge krinsane vil miste nokre elevar i utkanten av krinsane.

For Kløvheim skulekrins er dette eit meir ønskeleg alternativ enn ny skule på Eikanger, då det vil famna fleire elevar frå Kløvheim skulekrins. For Eikanger skulekrins er ikkje dette ei ønskeleg løysing.

Ulempa med ei ny skule på Høyland er at hovudtyngda av elevmassen vil få lang skuleveg. 46 av ca. 120 av dagens elevar i krinsane vil vere innanfor 4 km grensa, og 6 born vil vere i gangavstand (1,5 km) frå skulen. Skulevegen er lite eigna til gang/sykkelveg i begge retningar.

Vurdering av ny skule plassert på Eikanger (alternativ 1-5)

Fordelar med skule i Eikangerområdet er at desse lokasjonane genererer flest born i gangavstand og innanfor 4 km grensa, som utløyser fri skuleskyss. Det er 74-79 (avhengig av plassering i Eikangerområdet) som er innanfor 4 km grensa, og 28-37 born som er innanfor 1,5 km frå skulen.

Folketalsprognosane viser venta elevtallsauke på ca. 20 elevar innan 2030 på Eikanger.

Ulempa med plassering på Eikanger er at prosjektet felles skule for Eikanger / Kløvheim kan inkludere få elevar frå Kløvheim. I høve til skuleskyss vil elevar frå Kløvheim skulekrins trenge skuleskyss til Myking skule og til ny felles skule på Eikanger. Skuleskyssen inneber ei tidsbelastning for elevane.

Av dei tre lokasjonane som Rambøll har tilrådd, famnar lokasjon 4 - Liavatnet og 5 – Revhaugane flest elevar innanfor eigen krins.

- Lokasjon 1, Fyllingsnes: ingen elevar frå Kløvheim vil ha denne som nærskule basert på dagens elevtal.
- Lokasjon 4, Liavatnet: 15 elevar frå Kløvheim vil ha denne som nærskule basert på dagens elevtal.
- Lokasjon 5, Revhaugane: 10 elevar frå Kløvheim vil ha denne som nærskule basert

på dagens elevtal.

Ulike alternativ for vidare utgreiing

Rambøll anbefalar lokasjon 1 – Fyllingsnes for vidare utgreiing. Tomta ligg i utkanten av krinsen, og avstanden til Leiknes barneskule er ca. 5 km. Det har ein fin plassering, og det vil komme busetnad på eine sida av området. Det er her det er venta størst vekst i høve til busetnad i Eikangerområdet. Elevgrunnlaget pr. i dag er noko lågare enn dei to andre, 79 frå krinsen og totalt 137 potensielle elevar.

Ulempa med lokasjon 1 er at ingen frå Kløvheim vil ha denne skulen som nærskule. Det er såleis et lite samlande alternativ. Tomta har utfordringar knytt til høgspent og avløp.

Rambøll anbefalar lokasjon 4- Liavatnet for vidare utgreiing. Dette er den mest samlande lokasjonen i Eikangerområdet, sidan det ligg ved fylkesvegen mot Kløvheim. Det er og den lokasjonen som kjem best ut i høve til barnetal innanfor 4 km grensa i gruppa 6-12 år for krinsen Eikanger/Kløvheim. Den kjem og best ut i høve til barnetal innanfor 1,5 km grensa. Dette er viktige element i val av plassering.

Ulempa med denne tomte er at den ligg ned i ein dal og det kan vere kaldt her. Det opplyst frå lokalkjente at området tidlegare har vore tipp-plass for jord, og det kan ligge større mengder jord her. Dette må i så fall utgreiast nærare. Tomta har utfordringar knytt til landbruk og høgspent.

Rambøll anbefalar lokasjon 5 – Revhaugane for vidare utgreiing. Dette er eit godt alternativ grunna enkel kjørbar tilkomst gjennom industriområdet. Gangveg må leggjast i eigen trase utanom industriområdet, basert på kortaste veg. Lokasjonen famnar 94 elevar frå Eikanger/Kløvheim krinsen, og har eit potensiale på 140 basert på dagens born i alderen 6-12 år. Dette er det same talet som lokasjon 3, Kolhøyen. Begge desse lokasjonane er aktuelle, og i høve traseen for E 39 kan det vere eit godt alternativ og sjå på desse to lokasjonane under ett i ein vidare utgreiing.

Ulempa med lokasjon 3 og 5 er at industriområdet kan generere mykje trafikk, støy og støv. Begge tomtene har likevel eit stort areal (36 og 76 daa, vi treng ca. 20 daa) og plassering kan justerast for å unngå konflikt med E 39 (gjeld lokasjon 5), samt støy, støv og trafikk frå industriområdet. Tomtene har utfordring knytt til avløp.

Lokasjon 4 og 5 ligg i området kor Statens Vegvesen har teikna inn korridor for ny E 39. Dette er eit usikkerheitsmoment. Det er usikkert om vegen kjem i tunnell eller om den kjem i dagen. Endeleg trasé er ikkje lagt. Planprogrammet er no ute på høyring. Vidare vert det ein planprosess der ein greiar ut dei traseane som er valt i planprogrammet, og denne skal vedtas hausten 2018.

Dersom ein skulle lande på eitt av desse alternativa i høve til tomt for ny skule, må vi ta høgde for at vi moglegeins må dra tomte i eine eller andre retninga dersom den skulle komme i konflikt med ny E 39. Lokasjon 4 og 5 har begge store areal, og ein vil mest truleg kunne få til ei god skuletomt begge stader sjølv om E 39 skulle komme innanfor området.

Lokasjon 7 – Kløvheim er ikkje tilrådd av Rambøll, fordi dette er det alternativet som famnar færrest elevar i eigen krins.

Uavhengig av dette er tomte godt eigna for skule, og har ingen utfordringar knytt til landbruk,

høgspent, vatn eller avløp.


Rådmannen meiner det er viktig i den vidare prosessen at minst eit alternativ frå kvar av dei to skulekrinsane vert tatt med vidare.

Tilråding

Rådmannen rår til å gå vidare med, i uprioritert rekkefølge:

- lokasjon 7 – Kløvheim
 - lokasjon 5/3 Revhaugane/Kolhøyen
 - lokasjon 4 – Liavatnet
 - lokasjon 1 – Fyllingsnes
-

Forslag til lokalitetar for ny skuletomt



Olsen Jannicke Neteland

Fra: Olsen Jannicke Neteland
Sendt: 16. januar 2017 14:56
Til: Firmapost-Vest
Kopi: Myre Kjell Erik; Basset Eilin; Fotland Alv Terje; Øvretvedt Ivar; 'Stangnes Fritjof'; Kløve-Graue Synnøve; Olsen Jannicke Neteland
Emne: Innspill til planprogram for KDP E39 Flatøy-Eikefettunnelen
Vedlegg: Vedlegg 1_Landskap i planprogram-endring.pdf; Vedlegg 2_Landskap i planprogram-revidert versjon.pdf

Viser til sak 15/204805

Vedlagt er forslag til endringer i planprogram for utredning av landskap. Endringene er gitt i vedlegg 1. Ønsket endelig tekst vedlegg 2.

Metoden som skal benyttes i KU er gitt i håndbok V712 Konsekvensanalyser. For å redusere mulighet for forvirring knyttet til metodebruk er det ønskelig å ta bort to andre metodiske veiledere som er nevnt i høringsutkastet til planprogram:

- Framgangsmåte for vurdering av landskapskarakter og landskapsverdi, Direktoratet for naturforvaltning 2010.
- Veileder Metode for landskapsanalyse i kommuneplan, Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren 2011.

Metodene kan være nyttig å ha kjennskap til dersom de er benyttet i foreliggende landskapsanalyser av planområdet. Dette vil i så fall fremkomme i litteraturlisten i de aktuelle rapportene.

Videre pekes det på en manglende rapport i høringsutkastet til planprogram:

- Pushmann, O., 2004: Landskapstyper langs kyst og fjord i Hordaland. NIJOS rapport 10/2004.

Det er videre lagt inn nokre presiseringar under «Metode» i tabellen.

Med hilsen
Jannicke Neteland Olsen

Seksjon: Planseksjonen
Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
Besøksadresse: Nygårdsgaten 112, BERGEN
Mobil: +47 45404732 **e-post/Lync:** jannicke.neteland.olsen@vegvesen.no
www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Trenger du å skrive ut denne e-posten?

8.4.2 Landskapsbilete

Landskapsbilete er eit uttrykk for eit områdes visuelle særpreg eller karakter, og er tufta på fagtradisjonar innan landskapsarkitektur. Temaet tek føre seg korleis landskapet vert opplevd romleg ut frå omgjevnadene. I tillegg skal reiseoppleving vurderast. Landskapsbilete omfattar alle omgjevnader, frå det tette bylandskap til det urørte naturlandskap.

Tabell 8.3. Oppsummert utgreiingsprogram for landskapsbilete

Utgreiingsprogram - landskapsbilete	
Utgreiingsbehov	<ul style="list-style-type: none"> • Landskapsvurderingar av landskapsinngrep • Vurdering av påverknad på topografi, landskapselement og endringar i kultur- og naturlandskapet • Vurdering av særleg utfordrande strekningar og punkt • Vurdering av fjernverknader av veganlegget, i nokre tilfelle også nærverknad av anlegga • Arkitektoniske vurderingar av større bruer og konstruksjonar
Metode	<ul style="list-style-type: none"> • Konsekvensutgreiing etter handbok V712 Konsekvensanalysar med • mellom anna Øoverordna landskapsanalyse: med i Inndeling av landskapet i landskapsområder for å vurdere verdi, tåleevne og verknader av nye veganlegg. • 3D-visualisering av større bruer, <u>tunnelportalar</u>, vegtraséar og kryssområder. • Vurdering av kor synleg anlegget vert
Grunnlagsmateriale	<ul style="list-style-type: none"> • Framgangsmåte for vurdering av landskapskarakter og landskapsverdi, Direktoratet for naturforvaltning 2010 • Veileder Metode for landskapsanalyse i kommuneplan, Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren 2011 • Handbok V712, Konsekvensanalyser Statens vegvesen 2014 • Den europeiske landskapskonvensjonen, CETS No.176 av 2004 • <u>Landskapskartlegging av Hordaland fylke rapport 02-2009</u> • <u>Puschmann, O., 2004: Landskapstyper langs kyst og fjord i Hordaland. NIJOS rapport10/2004</u> • Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke, Aurland naturverkstad 2011 • Nasjonalt referansesystem for landskap, NIJOS 2005 • Råd om landskap i kommunal planlegging i Hordaland, Hordaland fylkeskommune 2011 • Kulturhistorisk vegbok Hordaland, Hordaland fylkeskommune Nord4 bokverksted 2004 • Kommuneplan for Lindås 2011-2023 • Kommuneplan for Meland 2015-2026 • Naturtypar i Lindås kommune, Fylkesmannen i Hordaland 2004 • Landbruksplan for Lindås kommune 2005-2008 • Kulturminneplan, Lindås kommune 2011-2021 • Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø, 2013-2023 • Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv, Meland kommune 2014
Aktuelle kontaktar	<ul style="list-style-type: none"> • Statens vegvesen • Fylkesmannen i Hordaland • Hordaland fylkeskommune • Kommunane

8.4.2 Landskapsbilete

Landskapsbilete er eit uttrykk for eit områdes visuelle særpreg eller karakter, og er tufta på fagtradisjonar innan landskapsarkitektur. Temaet tek føre seg korleis landskapet vert opplevd romleg ut frå omgjevnadene. I tillegg skal reiseoppleving vurderast. Landskapsbilete omfattar alle omgjevnader, frå det tette bylandskap til det urørte naturlandskap.

Tabell 8.3. Oppsummert utgreiingsprogram for landskapsbilete

Utgreiingsprogram - landskapsbilete	
Utgreiingsbehov	<ul style="list-style-type: none"> • Landskapsvurderingar av landskapsinngrep • Vurdering av påverknad på topografi, landskapselement og endringar i kultur- og naturlandskapet • Vurdering av særleg utfordrande strekningar og punkt • Vurdering av fjernverknader av veganlegget, i nokre tilfelle også nærverknad av anlegga • Arkitektoniske vurderingar av større bruer og konstruksjonar
Metode	<ul style="list-style-type: none"> • Konsekvensutgreiing etter handbok V712 Konsekvensanalysar med mellom anna overordna landskapsanalyse: Inndeling av landskapet i landskapsområder for å vurdere verdi, tåleevne og verknader av nye veganlegg. • 3D-visualisering av større bruer, tunnelportalar, vegtraséar og kryssområder. • Vurdering av kor synleg anlegget vert
Grunnlagsmateriale	<ul style="list-style-type: none"> • Handbok V712, Konsekvensanalyser Statens vegvesen 2014 • Den europeiske landskapskonvensjonen, CETS No.176 av 2004 • Landskapskartlegging av Hordaland fylke rapport 02-2009 • Puschmann, O., 2004: Landskapstyper langs kyst og fjord i Hordaland. NIJOS rapport10/2004 • Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke, Aurland naturverkstad 2011 • Nasjonalt referansesystem for landskap, NIJOS 2005 • Råd om landskap i kommunal planlegging i Hordaland, Hordaland fylkeskommune 2011 • Kulturhistorisk vegbok Hordaland, Hordaland fylkeskommune Nord4 bokverksted 2004 • Kommuneplan for Lindås 2011-2023 • Kommuneplan for Meland 2015-2026 • Naturtypar i Lindås kommune, Fylkesmannen i Hordaland 2004 • Landbruksplan for Lindås kommune 2005-2008 • Kulturminneplan, Lindås kommune 2011-2021 • Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø, 2013-2023 • Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv, Meland kommune 2014
Aktuelle kontaktar	<ul style="list-style-type: none"> • Fylkesmannen i Hordaland • Hordaland fylkeskommune • Kommunane